

## Ekstraordinært årsmøte 23.jan. - 17

10 møtte på Kraftsenteret kl. 18.

Leiar Mette Marie ynskte velkomen.

Kasserar Turid gjekk gjennom rekneskapet.

Revisorane Mette Valdal og Kristin Hjelme hadde godkjent rekneskapen med nokre merknader:

Utbetalte styrehonorar for 2016 var utan bilag og det var utbetalt 500kr for mykje til ein deltakar på Onaturen.

Sun brukskonto 1./1. - 16 var 24707,65. Sum brukskonto 31./12 - 16 var 240968,87.

Laget har eit underskot på 6058 kr. Vi har vore aktive og brukt meir enn vi fekk inn, m.a. ytt tilskot til Martin Linge-huset.

Det var framlegg om å ha ein eigen post i rekneskapen for Fredagskafeen - det er lett å få til.

Rekneskapen vart godkjend av dei fram møtte.

Lokallagsleiar refererte frå lokallagssendinga frå Oslo.

Prosjekt «Ville vekstar» held fram, det var nytt i 2016 og gjeld også i 2017.

NBK ynskjer å samle oppskrifter om tradisjonsmat og ber lokallaga sende inn oppskrift som er spesiell for heimstaden.

På møtet vart det nemnt skrell, mølje og kysel.

Det kom også framlegg om at VBK kunne samle lokale oppskrifter i eit eige hefte og leggje ut til sals.

Det vart snakka og diskutert rundt skrivet til kommunen - om at det er viktig å få behalde

Frivilligsentralen som møteplass, Aktivitetssenter.

Eg feilinformerte i siste referat, skrivet er enno ikkje sendt. Mette Marie tek kontakt med ordførar.

Dei fram møtte meinte VBK må kunne uttale seg om saker vi ikkje er samde i, og som vi meiner er viktige.

Leiar orienterte om at Fylkesårsmøte blir lagt til Ålesund i år.

Dette fordi NBK er 100 år og første bondekvinnelaget vart stifta i Spjelkavik.

Sunneva Linge skrivar